

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5164 - 21/42848

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
18.06.2021

## **Manglar ved innsendt seksjonering gbnr 322/13 Mjåtveit**

Viser til innsendt søknad om seksjonering, sendt på e-post til kommunen 01.06.21.

Eg vart først i dag klar over at desse berre er innsendt som e-post. Skjema søknad om seksjonering må sendast kommunen i papir med originale signaturar i 2 eksemplarar. Eventuelt 1 original og ein stempla rett kopi. Kart og teikningar kan me skriva ut sjølv.

Eigedomsgrensene skal også endrast. Me må passa på at kartet som vert lagt ved gjeld heile eigedommen – på seksjoneringstidspunktet. Det er ikkje problematisk å dela i frå areal i ettertid frå ein seksjonert eigedom, men kartet må som sagt stemma med matrikkelen på tidspunktet for tinglysing av seksjoneringa. Tinglysing skjer ca 3 veker etter at vedtak om seksjoneringa er sendt ut ( 3 veker klagefrist). Her må me koordinera med oppmåling av eigedommen.

Merk:

Navnet på vedtektene har berre med adressa Mjåtveitstø 24. Sameige omfattar også husnummer nr 26 og nr 28. Synes også vedtektene knapt oppfyller krav til kommunen sin kontroll av vedtekter. Vedtektene skal t.d oppgje kor mange medlemmar det skal vera i styret!

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN